

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Dato: 03.06.2015
Vår ref.: 2014/13053-38
Saksbehandlar: annvabo
Dykkar ref.:

PARTNARSKAP I KOMMUNE- OG TETTSTADSPANLEGGING I HORDALAND 2015 – TILSEGN OM TILSKOT INNTIL KR 150.000 TIL PROSJEKT "MULIGHEITSSTUDIE MANGER SENTRUM"

Vi er glade for å melde at Hordaland fylkeskommune løyver inntil kr 150.000. til prosjektet «Muligheitsstudie Manger sentrum».

Vi viser til søknaden dykkar datert 02.06.d.å. Det er gjort administrativt vedtak innafor budsjettåra for Partnarskap i kommune- og tettstadsutvikling. Tilskotet er ein del av fylkeskommunen sitt langsiktige arbeid for attraktive og funksjonelle tettstadar og byar.

Tilsegna gjeld til 15. november d.å.

1. PROSJEKTGRUNNLAG

Radøy kommune har gjennom fleire år arbeid for planlegging og fysisk/estetisk opprusting av Manger sentrum, i samarbeid med huseigarar, næringsdrivande og innbyggjarar. Reguleringsplan for sentrale del med Manger Torg, og forprosjekt for opprusting av sjølve sentrumskjerna vart gjort i perioden 2008 – 2009. Vidare eit prosjekt for oppføring av eit handelsbygg nord for Kyrkjevegen, som nabo til kyrkja. Ein områdeplan for sentrum er under førebuing, og ein muligheitsstudie vil kunne gje eit godt grunnlag for utarbeiding av denne planen.

Ein muligheitsstudie vil også kunne bli eit viktig bidrag for å skape engasjement og prosessar knytt til revitalisering av Manger. Dvs både for framtidig fysisk/arkitektonisk utvikling, og for sosiale prosessar og aktivitetar. Inkludering og aktivisering av mange ulike grupper i lokalsamfunnet blir ein del av dette.

Nærområdet kring Manger er relevant som ein del av studien. Vi presiserer like fullt at hovudfokus bør ligge på sjølve sentrum og det næraste området ikring.

Den pågåande kommunereformprosessen aktualiserer behovet for å styrke tettstadar og kommunesentra som berekraftige og attraktive møteplassar for innbyggjarane. Målsettinga med ein muligheitsstudie er difor både lokalsamfunnsutvikling og styrking av Manger som kommunesenter. Vi ser som svært positivt at det for tida er stort lokalt engasjement også for å ruste opp idrettsanlegg, nærmiljøanlegg, turvegar osv. Dette vil inngå som ein del av den generelle styrkinga av Manger som kommunesenter.

2. PROSJEKTORGANISERING

Prosjektansvarleg: Jarle Landås; jarle.landas@radoy.kommune.no. Tel 56 34 90 20
 Prosjektleder: Lisbeth T. Alvær; lisbeth.alvaer@radoy.kommune.no. Tel 56 34 90 19

3. GODKJENDE KOSTNADER OG GODKJEND FINANSIERINGSPLAN

Godkjende kostnader

Honorar muligheitsstudie, inkl adm. tilrettelegging av prosess	kr	300.000
Sum	kr	300.000

Godkjend finansieringsplan

Radøy kommune	kr	150.000
Hordaland fylkeskommune, Partnerskap i kommune- og tettstadsplanlegging 2015	kr	150.000
Sum	kr	300.000

4. VILKÅR FOR TILSKOTET

- Tilsegsmottakar må signere vedlagt akseptskjema og sende til fylkeskommunen innan 3 veker.
- Prosjektet må gjennomførast i samsvar med innsendt prosjektplan. Det er ein føresetnad at prosjektet vert finansiert slik godkjend kostnads- og finansieringsplan ovanfor viser. Om dette kravet ikkje er oppfylt kan tilskotet bli skjønsmessig avkorta, eller krevjast betalt tilbake.
- Tilsegsmottakar har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

Profilering

- I alle presentasjonar av og orienteringar om prosjektet, pliktar tilsegsmottakar å informere tydeleg om at prosjektet er delfinansiert av Hordaland fylkeskommune.

Rapportering

- Så snart prosjektet er avslutta **skal** tilsegsmottakar sende sluttrapport til fylkeskommunen. Dette gjeld for alle prosjekt.
- *Sluttrapporten* skal seie noko om:
 - ◇ Bakgrunn for prosjektet
 - ◇ Mål med prosjektet
 - ◇ Oppnådde resultat
 - ◇ Vurdering mot oppsette mål
 - ◇ Oppsummering av prosjektarbeidet (organisering, sterke/svake sider ved prosjektet, ikkje planlagde resultat, informasjon m. v.)
 - ◇ Eventuell vidareføring av prosjektet

Utbetaling

- Tilsegsmottakar skal så snart prosjektet er avslutta sende sluttrapport og signert sluttregneskjema for prosjektet til fylkeskommunen (vedlagt). Dette gir grunnlag for utbetaling.
- Sluttregneskapa må vere attestert av revisor.

- Vi gjer spesielt merksame på at både sluttrekneskap og revisorattest må vere sendt til fylkeskommunen innan 15.11.d.å. For å få nok tid til ein god prosess lokalt, er det difor viktig at prosjektet blir igangsett så snart som råd.

Kontroll

- Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har når som helst rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Vi gjer merksam på at de pliktar å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei opplysningane dei finn påkravd for sin kontroll.

Klage/innsyn i dokumenta

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan påklage vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, og dei grunnar som klagen støttar seg til.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjende med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

5. Kontaktperson

Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson for dette prosjektet er Kari Øvsthus, e-post: kari.ovsthus@hfk.no, tel 55 23 92 94, mobil: 975 00 127.

Vi ser fram til vidare godt samarbeid, og ynskjer lukke til med gjennomføringa av prosjektet!

Med helsing

Bård Sandal
Regionaldirektør

Marit Rødseth
Plansjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg: Akseptskjema
Sluttrekneskapsskjema

Kopi til:
Lisbeth Alvær

Tilsegnsmottakar må så snart tilsegnsbrevet er motteke signere vedlagte akseptskjema og sende i retur til Hordaland fylkeskommune, seinast innan 3 veker.

AKSEPTSKJEMA for Partnerskap i kommune- og tettstadsplanlegging

Prosjektnamn: Muligheitsstudie, Manger sentrum	
Tilskot inntil kr: 150.000	
Tilskotet gjeld til : 15.11.2015	Vår ref. 2014/13053-38

Fyllast ut av tilsegnsmottakar:

Tilsegnsmottakar: _____

Postadresse: _____

Kontaktperson: _____

Telefon/telefaks: _____ E-postadresse: _____

Org. nr. _____ Kto.nr.bank/post _____

Vi stadfester med dette at vi har lest tilsegnsbrevet og aksepterer vilkåra for løyvinga, samt tek ansvar for at prosjektet vert gjennomført etter planen.

Stad:..... Dato:.....

Signatur:.....
Prosjektansvarleg

Returadresse: Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen

SLUTTREKNESKAPSSKJEMA

Partnarskap i kommune- og tettstadsplanlegging

Prosjektnamn: Mulighetsstudie Manger sentrum	
Tilskot inntil kr: 150.000	
Tilskotet gjeld til : 15.11.2015	Vår ref. 2014/13053-38

Fyllast ut av tilsegsmottakar:

Org. nr. _____ Kto.nr.bank/post _____

Namn: _____

Postadresse: _____

Kontaktperson: _____

Telefon/telefaks: _____ E-postadresse: _____

SLUTTREKNESKAP:

Rekneskapen under skal setjast opp etter same oppsett som er nytta for budsjett (jf. pkt.3 i tilsegnsbrevet).

Godkjende kostnader:			Godkjend finansieringsplan:		
Budsjettpost	Rekneskap	Budsjett	Kjelde:	Sluttfinansiering	Budsjett
			Hordaland fylkeskommune		

Godkjent av prosjektleiar:

_____ dato

_____ signatur og stempel

Godkjent av prosjektansvarleg:

_____ dato

_____ signatur og stempel

ATTESTASJON AV REVISOR.

Føremålet med revisor sitt arbeid og rapportering for prosjektet, er å stadfeste økonomisk informasjon registrert i sluttrekneskapen.

Revisor skal utføre kontrollar som gjev tilsegnsytar ei forvissing om at inntektene/finansieringa og kostnadane i prosjektet er fullstendige og reelle, dokumenterte og korrekt registrerte i rekneskap/prosjektrekneskap.

Avtalte kontrollhandlingar opp mot sluttrekneskapen for prosjektet er gjennomført.

Godkjent av revisor:

_____ dato

_____ signatur og stempel

Returadresse: Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen